

Saksbehandlar: Olav Skarsbø, Næringsavdelinga
 Sak nr.: 15/8761-1

Strategi for vidare utbygging av breiband i Sogn og Fjordane

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
 Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet vedtek å starte arbeidet med revisjon av strategiplan for vidare utvikling av eit fullgodt breibandnett i Sogn og Fjordane.
2. Planen skal vere fylkeskommunen sitt strategidokument i samhandlinga med andre aktørar, nasjonalt, regionalt og lokalt. Planen skal konkretisere korleis fylkeskommunen best mogleg kan nytta sine verkemiddel.
3. Fylkesutvalet ber om at følgjande vert greidd ut i samband med strategiarbeidet:
 - Framlegg til mål for arbeidet og strategiske val for å nå desse måla.
 - Ei oversikt over aktuelle tiltak, her under å vise kva det vil koste å gi eit fullgodt breibandtilbod til alle husstandar, næringsliv og offentlege bygg fylket.
 - Økonomiske konsekvensar på kort og lang sikt
4. Det vert sett av kr 100 000,- til utarbeiding av strategiplanen, dekkja over HPN/HNK sitt budsjett for 2015 og 2016.
5. Strategiplanen skal leggest fram for fylkestinget til godkjenning.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane 2020

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN

FU vedtok i april 2012 ein strategisk plan for utviklinga av andre generasjon breiband i fylket. Strategien har vore retningsgivande for det arbeidet som er lagt ned dei siste åra. Sidan strategien vart vedteken er det bygd breiband for omlag 70 mill. kr. i fylket.

Det er no naudsynt å gjennomføre ei revidering av strategiplanen og harmonisere denne med den nasjonale støtteordninga, ny Digital agenda, kommunale planar og tiltak.

- Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) forvaltar i dag den nasjonale stønadsordninga på vegne av Samferdselsdepartementet. Konkurransen om midlane er svært stor. For å kunne nå fram i framtidige tildelingar må vi vere godt organiserte, ha godt forankra strategiar og planar, og sikre god gjennomføring av tildelte prosjekt.
- Regjeringa arbeider no med ei ny stortingsmelding om IT-politikk, Digital agenda, som skal vere klar i løpet av 1.halvår 2016. Meldinga vil handle om ei brukarretta og effektiv forvaltning, eit konkurransedyktig næringsliv og om deltaking og inkludering. Krav og

målsettingar til elektronisk kommunikasjon vert ein del av meldinga. Fylkeskommunen har levert innspel til meldinga gjennom Nasjonalt Breibandråd, via IKT Norge.

- Det er eit mål å forankre arbeidet politisk i kommunane. Digital infrastruktur er ein viktig føresetnad for busetnad og næringsutvikling, på same måte som veg, vatn, avløp og el-forsyning. Kommunane må få ein sterkare eigarskap til strategiplanen og utarbeide oversikter over status og prioritere utbyggingsområde for eigen del.
- Samarbeidet med kommunane og partnerskapen har fundert godt, men kan vidareutviklast.
- Samarbeidet med leverandørar av infrastruktur og tenester bør profesjonaliserast.

2. INNHALDET I PLANARBEIDET

Planprosessen må m.a. avklare følgjande:

- Kva utfordringar har vi i dag?
- Kva behov har vi for forankring og forståing for problemstillingane?
- Kva verkemiddel og handlingsrom ser fylkeskommunen, og kva med andre aktørar?
- Kva har vi av planar eller strategiske dokument som kan gje innspel/føringar?
- Kva mål og strategiar formulerer vi?
- Kva tiltak og kva konsekvensvurderingar (også økonomiske) ser vi, på kort og lang sikt?
- Kva aktørar kan vi samarbeide med og kva er deira ansvar/bidrag?

3. ORGANISERING OG PROSESS

Planarbeidet må forankrast tett til fylkesrådmannen. Samtidig ser fylkesrådmannen at IT-Forum Breiband sit på mykje kunnskap som må nyttast i arbeidet.

For å sikre ei rask framdrift legg vi opp til følgjande prosess og arbeidsdeling:

- Strategiarbeidet vert administrert av fylkesrådmannen v/Næringsavdelinga.
- IT-Forum Breiband er sekretariat.
- Kjøp av tenester for å kartlegge breibandstatus og kostnadsestimat med vidare utbygging
- Regionkontaktane forankrar arbeidet i kommunane og regionråda.
- Endeleg strategiplan vert handsama i FT.

Ein oppdatert breibandstrategi skal vere ferdigstilt våren 2016

5. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at det vert sett i gang eit planarbeid i tråd med premissane i saka.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑